

KVALHEIM KRAFT DA  
Kalnesveien 5  
1712 GRÅLUM

**Vår dato:** 13.12.2024

**Vår ref.:** 201402464-42 Oppgis ved førespurnad

**Deres ref.:**

## **NVE godkjenner søknad fra Kvalheim Kraft DA om bygging av driftsbygg i Mehuken vindkraftverk**

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) viser til detaljplan og miljø-, transport- og anleggsplan (MTA) for Mehuken III vindkraftverk datert 27. juni 2014 og NVEs godkjenningsvedtak datert 14. august 2014. Vi viser vidare til e-posten frå de datert 22. oktober 2024 med søknad om bygging av eit permanent driftsbygg for å auke lagringskapasiteten og driftseffektiviteten i vindkraftverket.

### **Vedtak om godkjenning**

NVE godkjenner eit permanent driftsbygg slik det går fram av søknaden datert 22. oktober 2024. Godkjenninga har heimel i konsesjonen datert 18. oktober 2013, post nr. 11 og 12<sup>1</sup> og den godkjende MTA- og detaljplanen datert 14. oktober 2014<sup>2</sup>. Godkjenninga blir gitt på følgjande vilkår:

- Justeringane må vere i samsvar med vilkår og føresetnader gitt i konsesjonen datert 18. oktober 2013 og i vedtaket om godkjenning av MTA- og detaljplan for Mehuken III datert 14. august 2014.
- De skal informere NVE om tidspunkt for ferdigstilling av driftsbygningen.

### **Informer grunneigarar og rettshavarar om vedtaket**

Vi føreset at endringa er avklart med grunneigarar og eventuelle andre rettshavarar. Vi ber de orientere grunneigarar og rettshavarar om dette vedtaket og om at dei har rett til å klage. Ein kopi av orienteringa skal sendast NVE.

---

<sup>1</sup> \*NVE-ref.: 200702243-60.


<sup>2</sup> \*NVE-ref.: 201402464-7.




## Bakgrunn

Kvalheim Kraft søker om å bygge ein driftsbygning for auka lagerkapasitet og effektivitet ved innkøyringa til Mehuken vindkraftverk frå Kvalheimsvegen. Kvalheim Kraft forklarer i søknaden at bygget vil gi nødvendig oppbevaringsplass for eit køyretøy, lagringsplass til reservedelar, og eit eigna område for mottak av leveransar. Det vil frigjere plass i det eksisterande driftsbygget, som i dag er overfylt og blir nytta til lagring. Dette vil mogleggjere ei betre organisering av driftsoppgåvane og redusere behovet for eksterne lagertenester. Bygget skal bidra til stabil drift og rask respons ved behov for reparasjonar.

Bygningen vil ha ei grunnflate på ca. 66 m<sup>2</sup> og ei mønehøgd på ca. 3 meter. Plassering av bygget er vist i figuren under.



Figur 1: Illustrasjon over plasseringa av driftsbygget. Kjelde: Kvalheim Kraft AS.



Figur 2: 3D illustrasjon av driftsbygg. Kjelde: Kvalheim Kraft AS.

## Høyring

Kvalheim Kraft har lagt fram det omsøkte tiltaket for kommunen, grunneigarar og rettshavarar. Det har ikkje komme merknader til tiltaket.

NVE vurderer at saken er tilstrekkelig opplyst til å kunne fatte vedtak. Vi informerer Kinn kommune, Statsforvaltaren i Vestland og Vestlandet fylkeskommune med ein kopi av vedtaket.

## NVEs vurdering

NVE konstaterer at Kvalheim Kraft har behov for auka lagringskapasitet og ein garasje med plass for eit køyretøy. NVE vurderer det som positivt at driftsbygningen kan bidra til å gjere drifta av anlegget meir effektiv og miljøvennlig. Vi har ingen merknader til tiltaket utover dette.

NVE legg til grunn at arbeida skal gjennomførast i tråd med prinsipp for terrengtilpassing og istandsetjing som tidlegare er godkjend av NVE. Etter NVEs vurdering vil arealbruken ikkje medføre andre landskaps- eller miljømessige konsekvensar enn tidlegare vurderte i vedtaka datert 18. oktober 2013 og 14. august 2014.



## Klage

De kan klage på vedtaket. Sjå informasjon om retten til å klage på siste side.

Med helsing

Christian Achilleas Dybro Karkalatos  
Avdelingsingeniør

Godkjent av Anne Johanne Kråkenes  
Seksjonssjef

Kristian Markegård  
Direktør

Godkjent i samsvar med NVEs interne rutinar.

**Mottakarliste:**

KVALHEIM KRAFT DA

**Kopimottakarliste:**

HARAM KRAFT AS - JOAKIM EGEBERG  
Grunneiere/rettighetshavere  
STATSFORVALTAREN I VESTLAND  
KINN KOMMUNE  
VESTLAND FYLKESKommUNE



## Orientering om rett til å klage

Frist for å klage	På grunn av juleferien har NVE utvida klagefristen til den 20. januar 2025. Dersom vedtaket ikkje har kome fram til deg, startar fristen å gå frå den dagen du fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket. Det er tilstrekkeleg at du postlegg klagen før fristen går ut. Klagen kan ikkje handsamast dersom det har gått meir enn 1 år sidan NVE fatta vedtaket.
Du kan få grunngjeving for vedtaket	Dersom du har fått eit vedtak utan grunngjeving, kan du be NVE om å få ei grunngjeving. Du må be om grunngjevinga før klagefristen går ut.
Kva skal med i klagen?	Klagen bør vere skriftleg. I klagen må du: <ul style="list-style-type: none"><li>• Skrive kva for vedtak du klagar på.</li><li>• Skrive kva for eit resultat du ønsker.</li><li>• Opplyse om du klagar innanfor fristen.</li><li>• Underteikne klagen. Dersom du brukar ein fullmektig, kan fullmektigen underteikne klagen. I tillegg bør du grunngje klagen. Dette betyr at du bør forklare kvifor du meiner vedtaket er feil.</li></ul>
Du kan få sjå dokumenta i saka	Du har rett til å sjå dokumenta i saka, med mindre dokumenta er unntake offentlegheit. Du kan ta kontakt med NVE for å få innsyn i saka.
Vilkår for å gå til domstolane	Dersom du meiner vedtaket er ugyldig, kan du gå til søksmål. Du kan berre gå til søksmål dersom du har klaga på vedtaket til NVE, og klagen er avgjort av Energidepartementet (ED) som overordna forvaltingsmyndighet. Du kan likevel gå til søksmål dersom det har gått 6 månader sidan du sende klagen, og det ikkje skuldast forsøming frå di side at klagen ikkje er avgjort.
Sakskostnader	Dersom NVE eller ED endrar vedtaket til din fordel, kan du søke om å få dekka vesentlege og nødvendige kostnader. Du må søke om dette innan 3 veker etter at klagevedtaket kom fram til deg.
Kven kan klage på vedtaket?	Dersom du er part i saka, kan du klage på vedtaket. Du kan også klage på vedtaket dersom du har rettsleg klageinteresse i saka.
Kvar skal du sende klagen?	Du må adressere klagen til ED, men sende han til NVE. E-postadressa til NVE er: nve@nve.no. NVE vurderer om vedtaket skal endrast. Dersom NVE ikkje endrar vedtaket vil vi sende klagen til ED.

*Denne forklaringa bygger på forvaltningslova sine reglar i §§ 11, 18, 19, 24, 27 b, 28, 29, 31, 32 og 36.*